



HORNINDAL KOMMUNE

SENTRALADMINISTRASJONEN

Vår ref.
08/551-2/044 / /EN

Dykkar ref.

Dato:
11.06.2008

Delegasjonsreglement 2008-2012 med tilhøyrande økonomiske fullmakter

HORNINDAL KOMMUNE

Vedtak i kommunestyret 25.09.2008 K-sak 059/08
Gjeldande frå 01 10 08

INNLEIING - GENERELT

Kommunestyret er det øvste styringsorganet i kommunen. Jamfør Kommunelova § 6.

Kommunestyret har alt mynde som ikkje gjennom vedtak er lagt til andre forvaltingsorgan eller gjennom lov. Kommunestyret skal velje satsingsområde, prioritere tiltak og treffe vedtak på vegne av kommunen.

Kommunestyret kan og bør delegere mynde til andre folkevalde organ, eller til administrasjons-sjefen, med unnatak for oppgåver som etter lov ikkje kan delegerast.

All kommunal verksemd i politiske utval og i administrasjonen skjer på vegne av kommunestyret, og på kommunestyret sitt ansvar. Eit delegasjonsvedtak kan til ei kvar tid opphevast eller avgrensast ved å gje nærare instruksar om korleis eit utval sitt mynde skal utøvast. Kommunestyret kan også, med visse lovmessige avgrensingar, omgjere vedtak som er gjort av underordna organ.

Kommunestyret har plikt til å føre tilsyn med verksemda til underordna forvaltingsorgan. Kommunestyret kan difor kreve melding om vedtak som er gjort etter delegert mynde.

Gjennom å delegere oppgåver og avgjerdsmynde til faste utval og administrasjonen, effektiviserer kommunen vedtaksprosessen. Avgjerdene vert flytta nærare kunden og saksbehandlingstida vert redusert.

Postadresse	Telefon	Telefax	Bankgiro	Org. nr.	E-post
Postboks 24 6761 Hornindal	57 87 98 00	57 87 98 01	3820.07.00144	835 095 762	post@hornindal.kommune.no

Vidare får kommunestyret frigjort kapasitet til å arbeide med saker av overordna, samordnande og prinsipiell karakter.

Med heimel i Kommuneleva §§10 og 23 vert følgjande delegasjonsreglement gjort gjeldande for Hornindal kommune.

DEL 1

KOMMUNESTYRET.

1. SAKER SOM SKAL AVGJERAST AV KOMMUNESTYRET SJØLV.

1.1 VAL OG SAMANSETTING.

Kommunestyret vert valt av innbyggjarane i Hornindal etter reglar fastsette i lov. Valet gjeld for fire år. Kommunestyret skal ha 17 medlemmar.

1.2 Saker som i medhald av Kommuneleva skal avgjerast av kommunestyret *sjølv*:

- §7, nr3: Endring av medlemstalet i kommunestyret.
- §8, nr.1: Val av formannskap.
- §8, nr.3: Fastsetting av formannskapet sitt virkeområde.
- §9, nr.1: Val av ordførar og varaordførar.
- §10, nr.1-3: Opprette faste utval, fastsette ansvars- og virkeområde for desse, samt val av medlemmar, varamedlemmar og leiar/nestleiar.
- §10, nr.6: Omorganisering/nedlegging av faste utval.
- §11, nr.1: Opprette styre for kommunale verksemder, institusjonar o.l.
- §12, nr.1-3,5: Opprette kommunedelsutval m.m.
- §13: Delegere mynde i høve hastesaker.
- §18: Evt. innføring og oppheving av kommunal parlamentarisme. Organisering.
- §19, nr.1,3: Evt. innføring og val av kommuneråd m.v.
- §22, nr.2: Tilsetting av rådmann.
- §24, nr 2: Vedtak om åremålstilsetting i leiande administrative stillingar.
- §25, nr.2: Val av representantar og leiar/nestleiar i partssamansette utval.
- §26, nr.4: Vedta retningsliner for møterett for tilsette sine representantar i nemnder.
- §28: Overføring av mynde i høve tariffavtale.
- §31, nr.4-5: Vedtak om lukka møte i folkevalde organ.
- §39,nr.1: Reglement for saksbehandling i folkevalde organ.
- §41: Satsar for dekking av utgifter og økonomisk tap for folkevalde.
- §42: Satsar for møte- og arbeidsgodtgjersle.
- §43: Vedta pensjonsordning for folkevalde.
- §44, nr 1: Vedta økonomiplan og endringar i økonomiplan.(framlagd av formannskapet)
- §45, nr.1 – 2 : Vedta årsbudsjett, samt vesentlege endringar i rammene for budsjettet.
- § 48 nr. 3: Vedtak om disponering/dekking av rekneskapsmessig overskot/underskot.
- §50: Vedtak om låneopptak/låneramme.
- §51: Vedtak om å stille garanti for lån der kommunen har særleg interesse.
- §77 nr. 1: Val av kontrollutval

§78 nr. 3 Val av revisjonsordning

1.3. Andre saker etter Kommuneleova som ikkje vert delegerte:

- § 9 nr. 5: Delegasjon til ordføraren av einskildsaker med prinsipielt innhald.
- §15 nr.2: Fritak / suspensjon av medlemmer i folkevalde organ
- §27: Vedtak om interkommunalt samarbeid.
- §40, nr.5: Utarbeiding av reglement for folkevalde sin innsynsrett i dokument.
- §56: Vedtak om betalingsinnstilling.

1.4 Saker som skal avgjerast av kommunestyret sjølv etter særlov:

1.4.1 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (10. juni 1977)

- §4 Gjere vedtak om innskrenkingar av ferdsel med motorfartøy på innsjø eller vassdrag mindre enn 2 km² m.m.
- §5: Gje kommunale forskrifter for slik ferdsel.
- §6: Delegert til utviklingsutvalet.

1.4.2 Delingslova (23.juni 1978):

- §5-2: Fastsette gebyr for kart- og delingsforretning og anna arbeid etter delingslova.

1.4.3. Plan- og bygningslova (14.juni 1985):

- §4: Fastsette kommunale vedtekter i samsvar med lova.
- §20-5: Vedta kommuneplan. Jfr. §9-1.
- §27-2 Vedta/godkjenne reguleringsplanar. Jfr. §9-1.
- §27-3: Behandle klager som fører til endringar i reguleringsplan.
- §28-2: Behandle motsegn frå fylkeskommune eller fagmynde i høve framlegg til bebyggelsesplan.

- §30: Behandle private framlegg til reguleringsplan som er avvist av det faste planutvalet og som omfattar uregulert område, eller vesentleg endring av gjeldande regulering dersom framleggsstillar krev det.
- §109: Vedta regulativ for behandlingsgebyr i samband med søknader om løyve, tiltak, kontroll, attestar m.v. etter Plan- og bygningslova.

1.4.4. Lov om vern mot brann, eksplosjon m.v. (14.juni 2002 nr. 20):

- § 7, siste ledd : Gje lokal forskrift om meldeplikt ved store arrangement

- §13, 4. ledd : Gjennom lokal forskrift eller gjennom enkeltvedtak bestemme at det skal førast tilsyn med andre byggverk m.m. enn dei som etter lova er definert som *særskilte brannobjekt*.

- § 28, 2. ledd : Fastsette lokal forskrift om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

1.4.5 Forvaltingslova (10.febr. 1967):

§28, 2.ledd: Oppnemne fast kommunalt klageorgan i høve enkeltvedtak gjort av underordna forvaltingsorgan. Jfr. Kommunelova §§ 6 og 10.

1.5 Særlovsaker som i medhald av dette reglementet skal avgjerast av kommunestyret:

1.5.1 Plan og bygningslova (14.juni 1985):

§35: Gjere vedtak om oreigning av areal, omfatta av reguleringsplan eller bebyggelsesplan. Vedtak om oreigning av areal utanom reguleringsområdet for å sikre gjennomføring av planar.
§36: Vedtak om oreigning, uavhengig av reguleringsplan.
§37: Oreigning av grunn til vass- og avløpsanlegg m.v.
§69, nr.4: Gje vedtekt for frikjøp frå krav om biloppstillingsplassar.

1.5.2 Lov om omsetting av alkoholhaldig drikk m.v. (Alkoholova 2.juni 1989):

§1-7 Gjere vedtak om sals- og skjekeløyve for alkohol. Jfr. §§ 3-1, 3-75-2 k
§1-8 Gjere vedtak om inndraging av salsløyve / skjekeløyve. Jfr. §1-8 og komm. reglar
§1-7d: Vedta rusmiddelpolitisk handlingsplan ein gong i starten av kvar valperiode.

1.5.3 Friluftsløva (28.juni 1957):

§§21,22: Oppnemne organ for natur- og friluftslivsforvaltning.

1.5.4 Lov om den norske kyrkje (Kyrkjelova 7.juni 1996):

§6, 2. ledd Val av kommunen sin representant med vara i sokneråd/fellesråd.

1.5.5. Opplæringslova (9.juni 1998):

§2-2: Gje forskrift om undervisingstid ut over timerammer fastsette av staten.
§2-5: Gje forskrift om kva målform som skal vere hovudmål i den einskilde skulen.
§8-1: Gje forskrift om krinsskipnad.

1.5.6. Veglova (21.juni 1963):

§§ 5, 6 og 7: Vedtak om å ta opp, bygge eller legge ned kommunal veg.
Kommunen sitt mynde som vegstyresmakt etter veglova vert elles delegert til Utval for utvikling. Jfr. §9.

1.5.7. Lov om eigedomsskatt (6.juni 1975):

§2: Vedtak om utskrivning av eigedomsskatt i kommunen. Jfr.§33.
§7: Frita einskilde eigedomar heilt eller delvis for eigedomsskatt.
Mynde til å behandle klager på utskriven eigedomsskatt vert delegert til Formannskapet. Jfr.§20.
§25: Fastsetje betalingsterminar

1.5.8. Skattelova (26.mars 1999):

- §15-3: Gjere vedtak om satsar for inntektsskatt til forskotspliktige.
- 1.5.9 Lov om kommunale vass- og kloakkgebyr (31.mai 1974):
§3: Vedta forskrift for kommunale vass- og kloakkgebyr, samt gebyrregulativ. Ved vedtak om årleg indeksregulering av gebyrsatsane, vert mynde til slik regulering lagt til rådmannen.
- 1.5.10. Forureiningslova (13.mars 1981):
§34: Fastsette kommunalt gebyr for innsamling, mottak, oppbevaring og behandling av avfall.
- 1.5.11. Lov om vern mot brann, eksplosjon m.v. (14.juni 2002 nr. 20):
§9, 1. ledd : Sørge for etablering og drift av eit brannvesen som kan ivareta førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver etter lova på ein effektiv og sikker måte.
§9, 4. ledd : Gjere vedtak om samarbeid med andre brannvesen/ overlate brannvesenet sine oppgåver til annan kommune, verksemd eller liknande.
- 1.5.12. Lov om kommunale eldreråd (8.nov. 1991):
§§1 og 2: Val av kommunalt eldreråd i samsvar med reglane i lova.
- 1.5.13. Alkohollova (2.juni 1989)
§§ 3-7, 2. ledd og 4-4 2. ledd. Lova set maks. grenser. Kommunestyret fastset evt. innskrenkingar
- 1.5.13. Barnehagelova (5.mai 1995):
§7: Kommunestyret skal ha ansvaret for utbygging og drift av barnehagar.
- 1.5.14. Lov om sosiale tenester (13.des. 1991):
Kommunestyret har det overordna ansvaret for fastsetting av kommunale normer for økonomiske og sosiale hjelpeordningar innafor rammene av sentralt gjevne reglar.
- 1.5.16. Kommunehelsetenestelova (19.nov. 1982):
Kommunen skal syte for nødvendig helseteneste for alle som bur eller oppheld seg mellombels i kommunen etter dei retningslinene som er fastsette i lova.
Kommunestyret skal fatte vedtak i medhald av §§ 4a-4, 4.ledd, 4a-10 og 4a-11, 3.ledd. (i saker med tidsnaud kan alle funksjonane bortsett frå 4a-11, 3.ledd delegerast.)

Sjå elles delegering til utval for oppvekst og helse og rådmannen under kapittel 3.2 og 7.
- 1.5.17. Lov om eigedomsskatt:
§ 28: Gjere vedtak om å setje ned eller ettergi eigedomsskatt i særlege høve.

1.6. Saker som på grunn av prinsipielt innhald vert lagde til kommunestyret:

- a.) Vedtak om nye kommunale tiltak, eller omfattande utviding av pågåande tiltak. Vedtak om nedlegging eller vesentleg reduksjon av eit tiltak. Dette gjeld vedtak både i høve driftsbudsjett og kapitalbudsjett.
- b.) Prinsipielle vedtak om kjøp, sal, makebyte eller pantsetting av fast eigedom.
- c.) Langsiktige avtalar av prinsipiell karakter og som ikkje er regulert gjennom nasjonale, eller bilaterale reglement.
- d.) Vedta politisk organisasjonsstruktur og dei økonomiske rammene / heimlane for den administrative organiseringa.
- e.) Vedta reglement for kommunestyret sin møteorden.
- f.) Kommunestyret skal gjere endeleg vedtak i høve fastsetting av avgifts- og gebyrnivå. Dersom kommunestyret gjer vedtak om automatisk indeksregulering, får rådmannen mynde til å regulere satsane i samsvar med politiske vedtak. Dersom rådmannen finn grunn til å regulere gebyrsatsane ut over fastsett indeks, skal saka leggast fram for kommunestyret på ny.

1.7. Saker i kraft av arbeidsgjevarfunksjonen utover reglane i Kommunelova.

Kommunestyret har eit overordna arbeidsgjevaransvar i høve dei tilsette i Hornindal kommune. Kommunestyret skal gje retningsliner for administrasjonsutvalet og skal fungere som klageinstans i saker som er endeleg vedtekne av administrasjonsutvalet, når det ligg føre anke frå mindretalet, ordførar eller rådmann.

Kommunestyret skal fastsette den totale stillingsramma for kommunen.

Som tilsettingsorgan for rådmannen, er myndet til å seie opp og gje avskil i denne stillinga lagt til kommunestyret.

Kommunestyret gjer vedtak om stillingsinstruks for rådmannen.

Når retten til å gjere vedtak ikkje er delegert til andre organ, gjer kommunestyret endeleg vedtak om ymse reglement innafor personalforvaltinga.

1.8. Andre oppgåver som er lagde til kommunestyret.

- a) Vedta normalreglement for kommunen sitt beredskapsarbeid (org., ansvar, mynde)
- b) Behandle klagesaker etter særlov, der kommunestyret er lovfesta klageorgan.
- c) I delegerte saker, avgjere anker frå formannskapet, administrasjonsutvalet og dei faste utvala.

DEL 2

FORMANNSKAPET / PLANUTVALET.

2. ARBEIDSOMRÅDE

Formannskapet skal behandle lovpålagde og delegerte saker etter gjeldande lovverk og etter dette reglementet.

Formannskapet, med tilslutning av ein representant, vald for å ta i vare omsyn til barn og unge, er *fast planutval* og har såleis ansvar for all overordna planlegging i kommunen. Vidare er formannskapet organ for hastesaker og er dessutan kommunalt valstyre

Formannskapet fungerer som klageorgan i høve kommunale forskrifter og andre saker, der anna ikkje er bestemt i lov eller i kommunale reglar.

Formannskapet har eit særskilt ansvar for økonomiske og budsjettmessige spørsmål og eit samordnande ansvar i alle sakstypar. Større tiltak og budsjettspørsmål, som femner over fleire sektorar, skal behandlast av formannskapet før saka vert lagd framfor kommunestyret. Dette i samsvar med særstillinga formannskapet har i kommunelova i høve økonomiske spørsmål.

Formannskapet gjev politiske fråsegner innanfor sitt arbeidsområde.

Formannskapet får tildelt ei økonomisk ramme for utvalet sitt ansvarsområde, av kommunestyret. Formannskapet er tillagt budsjettmynde for dette ansvarsområdet på drifts- og kapitalbudsjettet i det omfang sentrale forskrifter gjev høve til det.

Vedtak i saker der formannskapet har delegert mynde kan ankast til kommunestyret, dersom to representantar krev det. Dette gjeld likevel ikkje saker etter kommunelova §13 (hastesaker), valstyresaker, klagenemndsaker, eller saker som er lagde til formannskapet etter særlov.

2.1 VAL OG SAMANSETTING.

Formannskapet vert valt av kommunestyret og skal ha 5 medlemmar, medrekna ordføraren. Sjå pkt.1.2. Formannskapet skal veljast mellom medlemmane i kommunestyret. Valet gjeld for heile valperioden. Jfr.Kommunelova §§ 8 og 35.

2.2 Saker som er lagde til formannskapet i medhald av Kommunelova (25. sept. 1992) :

Jfr §§ 8 nr.3 og 10 nr.2.

§8, nr.3: Formannskapet *skal* behandle framlegg til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak. Jfr. §§44 og 45.

§5: Gje innstilling om kommuneplan.

§13, nr.1: Gjere vedtak på kommunestyret sine vegne i hastesaker.

§23, nr.4: Overføre avgjerdsmynde til administrasjonssjefen i einskildsaker.

§47, nr.3: Behandle framlegg om vesentlege endringar i årsbudsjettet.

§39, nr.1: Utarbeide framlegg til reglement for kommunestyret. Jfr.§30.3

Dessutan vert desse sakene lagde til formannskapet:

§4: Ivareta overordna ansvar for informasjon, herunder fungere som styringsorgan for EDB / IT -satsinga i kommunen.

§15, nr.2: Frita formannskapsmedlemmar frå plikter inntil 1 år.

2.3 Saker i medhald av Plan- og bygningslova (14.juni 1985):

Generelt: Det faste planutvalet skal utføre kontinuerleg kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i kommunen. Planutvalet skal sjå til at det vert utarbeidd framlegg til kommuneplan og kommunedelplanar, samla plan mot forureining, samla plan for vassforsyning, bustadbyggeprogram og planar for barnehagar og anlegg/område for idrett og friluftsliv, samt delplanar og temaplanar til

kommuneplanen. Vedtak om oppstart av tematiske kommunedelplanar kan planutvalet delegere til fagutvala – når oppstarten skjer som ledd i ordinær rullering av plan. (*Eit vedtak om delegasjon må gjerast av planutvalet sjølv, då myndet etter lova er lagt direkte til det faste planutvalet.*) Barnerepresentanten i planutvalet har tilsvarande møte- og talerett i fagutvala når desse står for rullering/ utarbeiding av plan. Jfr. plan- og bygningslova § 9-1.

I samsvar med ansvaret for overordna planlegging, skal planutvalet drive slik planlegging innan miljøvern. Jamfør elles kapittel II, VI og VII i Plan- og bygningslova:

- §7: Gje dispensasjon frå Plan- og bygningslova, kommuneplan, reguleringsplan og bebyggelsesplan etter reglane i §7. Jfr. §9-1.
Mynde til mindre dispensasjonar i regulert område er delegert til utval for utvikling. (*dette kan t.d. gjelde disp for avstad til komm. veg for garasje o.l. Eit vedtak om delegasjon må gjerast av planutvalet sjølv, då myndet etter lova er lagt direkte til det faste planutvalet.*)
- §9-1: Fungere som fast planutval i kommunen.
- §27-1 og § 27-2 Utarbeide framlegg til reguleringsplan.
- §27-3: Behandle klager i høve reguleringsvedtak.
- §28-2 Vedta bebyggelsesplan.
- §30: Behandle private framlegg til reguleringsplan.
- §33: Gjere vedtak om bygge- og deleforbod.

2.4 Klagesaker der formannskapet er klageorgan etter lov, eller reglement.

Formannskapet er klageinstans for klager på enkeltvedtak, når ikkje anna er bestemt. Jfr. FVL §28. Saker som skal behandlast av formannskapet som klageorgan skal vere skilde frå øvrige saker på saklista. Når formannskapet behandlar saker som klageorgan, skal representantar som er medlem i det hovudutvalet som har behandla saka som underinstans, gå frå som ugild. Jfr. KL §40 c).

2.5. Saker som er delegerte til formannskapet i medhald av lov:

2.5.1. Alkoholova (2.juni 1989):

Rullering av alkoholpolitisk handlingsplan, mellom hovudrulleringane, vert delegert til formannskapet (ikkje lovpålegg)

Skattelova (26. mars 1999):

Saker om utsetjing/ettergjeving av skattar som ikkje er delegert til særskilt skatteutval, eller ligg på statleg nivå.

§15-3: Framlegg om skattesatsar.

Lov om eigedomsskatt (6.juni 1975):

§2: Tilråding i sak om utskriving av eigedomsskatt i kommunen.

§20: Fungere som klageorgan i høve klager på utskriven eigedomsskatt.

Straffelova (22.mai 1902):

§79, 5.ledd: Mynde til å krevje offentleg påtale. Dette myndet vert vidaredelegert til ordføraren – sjå del 6.

Vallova (1.mars 1985):

- §4-1: Formannskapet skal tene som valstyre.
§4-2: Oppnemne stemmestyre for kvart vallokale.
§§10-4 ,10-6, 10-7 Foreta valoppgjør og føre inn valliste i kraft av valstyre.

2.6. Andre oppgaver som er lagde til formannskapet.

Forvaltning av kommunal eiendom.

Formannskapet skal behandle saker i samband med *forvaltning av kommunal eiendom*, der tiltaket går ut over budsjetterte rammer, eller femner over fleire fagområde. Elles er myndet innan dette saksområdet delegert til utval for utvikling.

Samordning av næringsretta tiltak.

Formannskapet har eit overordna samordningsansvar i høve *næringsretta tiltak* med omsyn til å utnytte kommunen sitt samla tiltaksapparat på tvers av ulike fagområde. Øvrige saker innan næring og sysselsetting er delegert til utval for utvikling.

Vidaredelegering

Formannskapet har fullmakt til å vidaredelegere sitt mynde til faste utval og administrasjonen i samsvar med reglane i gjeldande lover og dette reglementet.

Formannskapet har også mynde til å opprette og legge ned komitear og arbeidsutval innan sitt arbeidsområde. Desse utvala skal berre ha rådgjevande mynde.

Fritak av medlemmar i formannskap og faste utval.

Formannskapet får fullmakt til å fritak medlemmar i formannskap og faste utval frå møteplikt inntil 1 år. Eventuelt vedtak om fritak skal gjerast på grunnlag av skriftleg, grunngjeven søknad. Søknad om fritak ut over eitt år skal behandlast av kommunestyret.

Andre oppgaver.

Elles vert formannskapet tillagt kommunale oppgaver som ikkje naturleg fell til andre utval.

Budsjettmynde.

Etter kommunelova har Hornindal formannskap ansvar for å utarbeide framlegg til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak for kommunen. Dette fører med seg eit særskilt ansvar for økonomiske spørsmål. Formannskapet har såleis eit særskilt ansvar for tiltak / løyvingar som femner over fleire ansvarsområde. Planutvalet har ansvar for den overordna planlegginga i kommunen.

Innanfor sitt hovudansvarsområde har formannskapet fullmakt til å fordele / overføre rammeløyvingar vedtekne av kommunestyret.

Sjå elles eige vedlegg om delegering i økonomiske saker.

DEL 3

DEI FASTE UTVALA

Kommunestyret har i medhald av Kommunelova §10 oppretta 2 faste utval:

- Utval for oppvekst og helse
- Utval for utvikling

Dei faste utvala pliktar å gjere heilskapelege politiske vurderingar, og skal ha totalansvar for forvaltning og drift innanfor vedkomande utval sitt ansvarsområde. Jfr. KL§10.

Dei faste utvala skal fungere som hovudutval for sine ansvarsområde og har direkte innstillingsrett til kommunestyret når ikkje anna er bestemt i lov eller overordna vedtak.

Utvala får fullmakt til å gjere endringar i driftsbudsjettet innanfor det rammeområdet (=hovudansvarsområde) og den budsjetttramma kommunestyret har fastsett. Dei faste utvala får fullmakt til å gjere endringar i kapitalbudsjettet innanfor det rammeområdet som høyrer inn under utvalet, når slik endring gjeld auke i løyvingar til eit prosjekt i det fastsette budsjett og dekking skjer ved at løyvinga til eit anna prosjekt vert redusert tilsvarende. Dette gjeld likevel ikkje i høve nye tiltak og omfattande utviding eller reduksjon av igangsette tiltak.

Utvala kan påleggast å utarbeide halvårlege rapportar til kommunestyret om utviklinga i budsjettforbruket.

Utvala sine saksområde omfattar, med mindre noko anna er bestemt, saker innan dei fastsette fagområda som ikkje er lagde til kommunestyre eller formannskap.

3.1 UTVAL FOR OPPVEKST OG HELSE.

3.1.1 VAL OG SAMANSETTING:

Medlemmane i utval for oppvekst og helse vert valde av kommunestyret. Utvalet skal ha 7 medlemmar. Eit fleirtal i utvalet skal bestå av kommunestyrerepresentantar. Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Sjå pkt.1.2. Valet gjeld for heile valperioden. Jfr.Kommunelova §§ 8, 35.

Under utvalet er det oppretta eit omsorgsutval med 5 medlemmer valde mellom representantane i utvalet for oppvekst og helse. Utvalet skal handsame saker etter lov om sosiale tenester og lov om barneverntenester, jfr. pkt. 3.1.2.1 g) og f) under.

ARBEIDSOMRÅDE:

Utval for oppvekst og helse sitt arbeidsområde omfattar følgjande område som kommunen er tillagt ansvar for gjennom lover og forskrifter:

- grunnskule/SFO
- kulturskule
- vaksenopplæring/anna opplæring
- barnehage
- folkebibliotek
- Svor-museet
- kultur og lag- og organisasjonsverksemd
- kurativ og førebyggande helseteneste
- miljøretta helsevern
- barnevern
- pleie- og omsorgstenester
- sosiale tenester
- planarbeid

Utvalet har rett / plikt til å kome med fråsegn i saker innanfor sitt fagområde der formannskap / kommunestyre har avgjerdsmynde, herunder budsjett- og økonomisaker.

3.1.2.1. Delegering av mynde:

Innanfor sitt fagområde skal utvalet behandle prinsippaker som gjeld drift og forvaltning. Utvalet skal fatte forvaltingsvedtak etter særlover, med mindre sakene i følgje lov eller delegasjon skal gå til endeleg avgjerd i kommunestyre eller formannskap, eller er lagde til administrasjonen. Ansvarsområde og oppgåver er heimla m.a. i følgjande lover:

a.) Opplæringslova (9.juni 1998):

Overordna mål, med retningslinjer for struktur og organisering av grunnskulen, er fastsette av Stortinget gjennom lova. Kommunen skal, som eigar, syte for at skulen vert driven i samsvar med lov, forskrift og læreplan.

Utval for oppvekst og helse har delegert mynde til å treffe vedtak etter lova, med unnatak for regulering av kringsgrenser (§8-1), gje forskrift om målform i skulen (§ 2-5), gje forskrift om undervisningstimar utover timeramma, fastsett av staten, og personalsaker. Jfr. punkt 1.5.5., samt kapittel 4 og 7 i dette reglementet. Herunder får utvalet fullmakt til å gje forskrift om ordensreglement for grunnskulen.

b.) Barnehagelova (5.mai 1995):

Kommunen er ansvarleg for ut bygging og drift av barnehagar i kommunen.

Utval for oppvekst og helse skal vere godkjenningssmynde, jfr. §§ 10 og 11 og forvalte tilskot til private barnehagar i kommunen. Jfr.§8. Utvalet er også kommunalt tilsynssmynde etter §16

Utval for oppvekst og helse får elles delegert generelt mynde til å treffe vedtak på kommunen sine vegne etter denne lova, med unnatak for §7 (utbygging og driftsformer) og kapittel V (personalsaker.). Jfr. 1.5.14, samt kapittel 4 og 7 i dette reglementet.

I denne fullmakta ligg også mynde til å vedta organisasjonsplan og vedtekter for barnehagen, innanfor lova sine rammer og rammer/retningslinjer, gjevne av kommunestyret.

c.) Lov om vaksenopplæring (28.mai 1976):

Kommunen har ansvar for utvikling og planlegging av vaksenopplæringa, samt å yte tilskot til organisasjonar og institusjonar etter prinsippa som er fastlagde i lova.

Utvalet har delegert mynde til å treffe vedtak etter denne lova.

d.) Lov om folkebibliotek (20.des. 1985) jfr. opplæringslova § 9.2:

Alle kommunar skal ha eit folkebibliotek. Kommunen har ansvar for drift i samsvar med lov og forskrift.

Utvalet har delegert mynde til å treffe vedtak etter denne lova, medrekna oppretting av samarbeidsavtale mellom folkebiblioteket og skulebiblioteket.

e.) Lov om film og videogram (15.mai 1987):

Utval for oppvekst og helse har fullmakt til å gje og eventuelt trekke attende konsesjon for omsetting av film og video i samsvar med gjeldande lov.

f.) Kulturminnelova (9.juni 1978):

Utvalet har fullmakt til gjere vedtak innanfor kommunestyret sitt ansvarsområde i samsvar med gjeldande lov.

g.) Lov om sosiale tenester (13.des. 1991):

Kommunen har ansvar for å utføre dei oppgåvene som i lova ikkje er lagde til Nav eller fylkeskommune.

Omsorgsutvalet skal behandle søknader som går ut over det myndet som er delegert til rådmannen. Omsorgsutvalet skal vidare handsame klager i høve administrative vedtak etter denne lova i samsvar med gjeldande saksbehandlingsreglar. .

Utvalet har delegert mynde til å gjere vedtak på vegne av kommunen etter denne lova, med unntak for det som er lagt til omsorgsutvalet.

h.) Kommunehelsetenestelova (19.nov. 1982):

Kommunen skal syte for nødvendig helseteneste for alle som bur eller oppheld seg mellombels i kommunen etter dei retningslinene som er fastsette i lova.

Utvalet har delegert mynde til å gjere politiske vedtak på vegne av kommunen etter denne lova, med unntak for funksjonane som er nemnde i §§ 4a-4, 4.ledd, 4a-10 og 4a-11, 3.ledd. (i saker med tidsnaud kan alle funksjonane bortsett frå 4a-11, 3.ledd delegerast.)

Utval for oppvekst og helse skal behandle klager i høve administrative vedtak i samsvar med gjeldande saksbehandlingsreglar.

Sjå elles delegering til rådmannen under kapittel 7.

i.) Lov om Barnevernstenester (17. juli 1992):.

Kommunen har ansvar for å utføre dei oppgåvene som etter lova ikkje er lagde til stat eller fylkeskommune.

Oppgåvene etter denne lova er lagde til rådmannen. Jfr §2-1 – prinsipp om omvendt delegasjon. Omsorgsutvalet skal likevel handsame saker som går ut over dei **økonomiske fullmaktene** som rådmannen kvart år får gjennom rammene i budsjettet.

j.) Alkohollova (2.juni 1989):

Utvalet skal gje tilråding til kommunestyret, etter innstilling frå kontrollnemnda for kontroll av sals- og skjenkestadar, om reaksjonar på brot på alkohollova med tilhøyrande forskrifter, herunder evt. om inndraging av sals- og skjenkeløyve for alkohol for kortare eller lengre tid.

Utvalet skal vidare utarbeide framlegg til alkoholpolitisk handlingsplan for kommunen. Jfr. §1-7d.

Med heimel i § 1-7, 2.ledd, får administrasjonen i sosialtenesta delegert mynde til å avgi uttale i saker som gjeld søknader om sals- og skjenkeløyve.

k.) Tobakksskadelova (9.mars 1973):

Med heimel i §6 skal utvalet sjå til at reglane i denne lova vert følgde i kommunen. Jfr. Kommunehelsetenestelova kap 4a.

l.) Lov om helsemessig - og sosial beredskap. (23.juni 2000):

Utvalet skal utarbeide framlegg til plan for helsemessig og sosial beredskap. Planen skal vedtakast av kommunestyret. Jfr. §2-2.

m.) Plan- og bygningslova (14.juni 1985):

§27-1 Når oppstart av tematiske kommunedelplanar (§ 20-5) skjer som ledd i ordinær rullering av plan, kan planutvalet delegere vedtak om oppstart til utval for oppvekst og helse - for planar som fagleg ligg under dette utvalet. Barnerepresentanten i planutvalet har tilsvarande møte- og talerett i utval for oppvekst og helse i slike tilfelle. Jfr. plan- og bygningslova § 9-1. *(Eit vedtak om delegasjon må gjerast av planutvalet sjølv, då myndet etter lova er lagt direkte til det faste planutvalet.)*

3.1.2.2 Delegering av mynde utanom lovverket:

Utval for oppvekst og helse har vidare fullmakt til å:

- Gje tilskot til private idrettsanlegg og forsamlingshus,
- Gje tilskot til lag og organisasjonar,
- Fungere som styre for den kommunale kulturskulen.
- Stille garanti for lån på inntil 35 000 kr. som er tekne opp av klientar
- Gi sosiallån ut over ei låneramme på 10 000 kr.

3.1.3. Personalsaker.

Mynde til å tilsette etatssjefar er lagt til administrasjonsutvalet. Personalansvaret for alle tilsette i etatane som sorterer under utvalet for oppvekst og helse er lagt til rådmannen. tilsettingsmyndet for alle stillingar er lagt til rådmannen så lenge ei tilsettingssak ikkje kjem i konflikt med vedtekne reglar for **tilsettingsutvalet**. Sjå kap. 4 og 7 i dette reglementet.

3.1.4. Vidaredelegering

Utval for oppvekst og helse har fullmakt til å vidaredelegere mynde i samsvar med reglane i gjeldande lover og dette reglementet.

Utval for oppvekst og helse har, med unntak for omsorgsutvalet, mynde til å opprette og legge ned kommittèar og arbeidsutval med avgrensa virketid og virkefelt innan utvalet sitt arbeidsområde. Desse kan berre ha rådgjevande mynde.

Andre oppgåver innanfor ovannemnde ansvarsområde, som ikkje er av prinsipiell karakter, vert delegerte til rådmannen. Sjå kapittel 7.

3.1.5. Budsjettmynde.

Innafor sitt ansvarsområde har utval for oppvekst og helse fullmakt til å fordele / overføre rammeløyvingar, vedtekne av kommunestyret. Sjå elles eige vedlegg om delegering i økonomiske saker.

3.2 UTVAL FOR UTVIKLING

3.2.1 VAL OG SAMANSETTING

Medlemmane i *utval for utvikling* vert valde av kommunestyret. Utvalet skal ha 7 medlemmar.. Minst ein av desse skal vere medlem i kommunestyret. Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Sjå pkt.1.2. Valet gjeld for heile valperioden. Jfr.Kommunelova §§ 8, 35.

3.2.2 ARBEIDSOMRÅDE

Utval for utvikling (UFU) sitt ansvarsområde er tiltaks- og næringsspørsmål, utbygging, kommunikasjon, landbruk, brannvern, naturforvaltning, miljøvern og kommunaltekniske saker. Utvalet har også planleggingsansvar innanfor sitt fagområde.

Utvalet har ansvar for behandling av saker i samband med planlegging, bygging og drift av kommunale bygg og anlegg.

UFU skal også fungere som natur- og friluftforvaltningsnemnd i kommunen.

Utvalet har rett og plikt til å kome med framlegg i saker der formannskap eller kommunestyre har avgjerdsmynde, herunder budsjett og økonomispørsmål.

3.2.2.1 Delegering av mynde:

Innanfor sitt fagområde skal utvalet behandle prinsipp saker som gjeld drift og forvaltning. Utvalet skal fatte forvaltningsvedtak etter særlover, med mindre sakene i følge lov eller delegasjon skal gå til endeleg avgjerd i kommunestyre eller formannskap, eller er tillagde administrasjonen.

Ansvarsområde og oppgåver er heimla m.a. i følgjande lover med tilhøyrande forskrifter:

a) Plan- og bygningslova (14.juni 1985):

Mynde etter §10-1, med unntak for kap.6, 7 og 8 og dei oppgåvene som er lagde til særlovsorgan, som fast planutval, vert delegert til utval for utvikling. I tillegg får utvalet avgrensa fullmakter etter følgjande paragrafar:

§7 Mynde til ”mindre” dispensasjonar i regulerte område i medhald av denne paragrafen er delegert frå det faste planutvalet i eige vedtak (dette kan t.d. gjelde disp. for avstand til komm. veg for garasje o.l). Andre dispensasjonssaker skal behandlast av planutvalet.

§27-1 Når oppstart av tematiske kommunedelplanar (§ 20-5) skjer som ledd i ordinær rullering av plan, kan planutvalet delegere vedtak om oppstart til utviklingsutvalet - for planar som fagleg ligg under dette utvalet. Barnerepresentanten i planutvalet har tilsvarande møte- og talerett i utviklingsutvalet i slike tilfelle. Jfr. plan- og bygningslova § 9-1.

(Eit vedtak om delegasjon for §§ 7 og 27-1 må gjerast av planutvalet sjølv, då myndet etter lova er lagt direkte til det faste planutvalet.)

§28-1: Gjere mindre endringar i reguleringsplan som ikkje er i strid med hovudprinsippa i gjeldande plan, samt greie ut større endringar.

Utval for utvikling skal også utarbeide framlegg til vedtekter for behandlingsgebyr etter Plan- og bygningslova.

b) Delingslova (23.juni 1978):

Avgjerdsmynde i frådelingssaker etter denne lova er delegert til utval for utvikling. Jfr.§1-2.

Utval for utvikling skal vidare utarbeide framlegg til gebyrregulativ for kart- og delingsforretning.

c) Lov om vern mot brann, eksplosjon m.v. (14.juni 2002 nr. 20):

Utval for utvikling vert tildelt mynde i viktige og prinsipielle saker (m.a. dokumentasjon av brannvesenet, planar for brannvernarbeidet og bruk av tvangsmulkt og tvangsgjennomføring), og saker som får store budsjettmessige konsekvensar.

Oppgåver, som ikkje er lagt til kommunestyret sjølv eller delegert til utviklingsutvalet, har rådmannen delegert til brannsjefen. Jfr. DUTV-sak 001/03.

d) Forureiningslova (13.mars 1981):

Utval for utvikling er forureiningsmynde etter §81 og får delegert mynde til å gjere enkeltvedtak av prinsipiell karakter etter denne lova. Jfr. §83.

Utvalet skal vidare utarbeide framlegg til vedtekter for innsamling av forbruksavfall og vedtekter for tøming av slamavskiljar.

e) Lov om stadnamn (18.mai 1990):

Utvalet har fullmakt til å gjere vedtak innanfor kommunestyret sitt ansvarsområde etter denne lova.

f) Vegtrafikklova (18.juni 1965):

Utval for utvikling får delegert mynde til å gjere enkeltvedtak av prinsipiell / økonomisk art etter § 4.

Vidare vert formannskapet sitt mynde som skiltutval etter skiltforskriftene delegert til utvalet.

Utvalet får mynde til å innføre avgift for parkering langs kommunal veg, samt gjere vedtak om andre restriksjonar etter §8.

Rådmannen får fullmakt til å behandle kurante saker og gjere vedtak om mellombels restriksjonar etter denne lova. Sjå kapittel 7.

g) Veglova (21.juni 1963):

Utval for utvikling er kommunal vegstyremakt etter §9 og har delegert mynde til å gjere enkeltvedtak av prinsipiell / økonomisk art etter denne lova, samt å uttale seg som kommunalt vegmynde. Dette gjeld likevel ikkje vedtak om oreigning og bygging, nedlegging og opptak av kommunal veg. Slike vedtak skal gjerast av kommunestyret.

Rådmannen får fullmakt til å behandle kurante saker. Sjå kapittel 7.

h) Friluftsløva (28.juni 1957):

Utval for utvikling skal vere kommunalt natur- og friluftorgan etter §21, jfr. §22. Vidare har utvalet fullmakter etter:

§14: Godkjenne avgift for tilgjenge til opparbeidd friluftsområde på privat grunn.

§15 Fastsette åtferdsreglar for utfarten til visse friluftsområde.

§16 Sperre særleg utsette, eller sårbare friluftsområde.

§20: Gje uttale på vegne av kommunen i høve §13.

§40: Stanse bygging og fjerne ulovleg byggverk.

Utvalet skal også fatte forvaltingsvedtak i kraft av myndet sitt som naturforvaltningsnemnd, innan desse kompetanseområda:

- Vilt saker. (Viltlova), sjå rådmannen s. 27.
- Saker vedkomande innlandsfiske. (Lov om laksefiske og innlandsfiske)
- Saker i høve reglane i Lov om motorferdsel i utmark. Jfr. pkt. j).
- Saker vedkomande naturbruk.

Utvalet skal vere rådgjevande i miljøvern- og kulturlandskaps spørsmål og i landbrukssaker. Sjå også kapittel 7, rådmannen.

i) Lov om motorisert ferdsl i utmark (10. juni 1977):

§6: Gje løyve til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som elles ikkje kan finne stad etter lova, eller med heimel i lova.

Utvalet får elles mynde til å gje løyve etter Nasjonal forskrift for bruk av motorkøyrety i utmark og på islagde vatn - § 6

j) Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter (31.mai 1974):

Utval for utvikling får delegert mynde til å setje fram krav om tilknytning etter §1. Jfr. PBL §§ 65,66. Vidare skal utvalet kome med framlegg til vedtekter for kommunale vass- og kloakkgebyr.

k) Konesesjonslova (31. mai 1974):

Utval for utvikling får delegert mynde til å gjere vedtak i saker etter konsesjonslova.

3.2.2.2. Andre fullmakter.

Utval for utvikling får vidare fullmakt til å handsame saker innan følgjande saksområde:

a) Informasjonsteknologi:

UFU skal ha ansvar for utbygging, drift og opplæring innan EDB og IT i samsvar med IT-plan og evt. andre vedtak. Utvalet skal utarbeide framlegg til IT-plan.

b) Næring og sysselsetting:

Utval for utvikling skal utarbeide planar for kommunen sin nærings- og sysselsettingspolitikk og er tillagt ansvaret for gjennomføring av nærings tiltak innanfor dei rammer som kommunestyret har fastlagd. Utvalet skal forvalte evt. kommunalt næringsfond og fordele sysselsettingsmidlar etter søknad.

Formannskapet har likevel eit overordna ansvar for næringsretta tiltak som er sektorovergripande og som går ut over rammene i vedteke budsjett.

UFU skal behandle saker i høve tiltak m.v. innan landbruksnæringa. Dette omfattar mellom anna:

- Saker i medhald av *jordlova*.
- Saker i medhald av *skogbrukslova*.
- Saker i medhald av *forpaktingslova*.
- Saker i medhald av *odelslova*.
- Saker i medhald av *vassdragslova*.
- Utarbeide planar for landbruksnæringa.
- Gje uttale før jordskifte vert kravd. Jfr. Lov om jordskifte §3.
- Tildel statlege og fylkeskommunane tiltaksmidlar som skal tildelast av kommunen.
- Har arbeidsgjevaransvar for landbruksvikarordninga
- Administrere eventuelle tilskots- og låneordningar innan denne sektoren.
- Ha ansvar for andre kommunale tiltak innan dette fagområdet.

Utval for utvikling har delegert mynde til å ivareta andre oppgåver innafor ansvarsområdet, som ikkje er lista opp her, med mindre det med heimel i lov eller delegasjonsreglement er lagt til kommunestyret eller anna politisk utval.

c) Egedomsutvikling og forvaltning

Utval for utvikling skal ha ansvar for forvaltning og planlegging for alle eigedomar og anlegg i kommunen på vegne av kommunen.

Utvalet får mynde til å godkjenne planar for eigedomsforvaltninga innanfor dei økonomiske rammene som kommunestyret fastset for det einskilde budsjettår.

Dette gjeld likevel ikkje prinsipielle avgjerder vedkomande sal og kjøp m.v. av fast eigedom, som skal behandlast av kommunestyret. Saker som går ut over budsjetterte rammer, eller som femner om fleire fagområde skal behandlast av formannskapet.

3.3.3. Personalsaker.

Mynde til å tilsette etatssjefar er lagt til administrasjonsutvalet. Personalansvaret for alle tilsette i etatane som sorterer under utvalet for utvikling er lagt til rådmannen. tilsettingsmyndet for alle stillingar under evt. etatssjef, er lagt til rådmannen så lenge så lenge ei tilsettingssak ikkje kjem i konflikt med vedtekne reglar for **tilsettingsutvalet**. Sjå kap. 4 og 7 i dette reglementet.

3.3.4. Vidaredelegering.

Utval for utvikling har fullmakt til å vidaredelegere mynde i samsvar med reglane i gjeldande lover og dette reglementet.

Utvalet har mynde til å opprette og legge ned komitear og arbeidsutval med avgrensa virketid og virkefelt innan utvalet sitt arbeidsområde. Desse kan berre ha rådgjevande mynde Andre oppgåver innanfor ovannemnde ansvarsområde, som ikkje er av prinsipiell karakter, vert delegerte til rådmannen. Sjå kapittel 7.

Budsjettmynde.

Innafor sitt hovudansvarsområde har utval for utvikling fullmakt til å fordele / overføre rammeløyvingar, fastsette av kommunestyret.

Sjå elles eige vedlegg om delegering i økonomiske saker.

DEL 4 ADMINISTRASJONSUTVALET

4.1. Arbeidsområde:

Det skal vere eitt administrasjonsutval i Hornindal kommune.

I medhald av Kommunelova § 25 og Hovudavtalen del B, § 4 har *administrasjonsutvalet* eit hovudansvar for å behandle saker som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Utvalet skal sikre ein heilskapeleg arbeidsgjevar- og personalpolitikk og skal ha eit særskilt ansvar i høve arbeidsmiljøspørsmål, hovudavtalen, hovudtariffavtalen og lokale avtalar.

Administrasjonsutvalet skal også behandle prinsipp saker i likestillings spørsmål for heile kommunen si verksemd. Jfr. *likestillingslova*.

Administrasjonsutvalet er klageorgan etter § 28 i forvaltningslova for administrative enkeltvedtak i personalsaker, som ikkje er unnatekne klageretten i lov. Jfr. elles reglane for kommunen sitt tilsetjingsutval

Administrasjonsutvalet er overordna rådmannen i personalsaker og skal avgjere personalsaker som er prinsipielle, og saker som elles ikkje er lagde til administrasjonen.

4.2. Val/samansetting:

Utvalet skal ha 8 medlemmar. Arbeidsgjevarsida skal ha 5 medlemmar. Desse skal vere identiske med formannskapet.

Dei tilsette skal ha 3 medlemmar, som vert oppnemnde etter reglane i hovudavtalen.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar mellom kommunen sine representantar.

Dei tilsette sine medlemmar har dei same rettane og pliktene som dei folkevalde. Dei kan likevel ikkje delta i særskilt oppnemnde forhandlingsutval, eller i førebuinga av forhandlingar med dei tilsette sine organisasjonar, eller i saker vedkomande godtaking / forkasting av framlegg til tariffavtalar.

4.3. Delegering av mynde:

Innanfor sitt fagområde skal utvalet behandle prinsipp saker om forvaltning av kommunale oppgåver.

Utvalet skal fatte forvaltingsvedtak etter særlover, med mindre sakene i følgje lov eller delegasjon

skal gå til endeleg avgjerd i kommunestyre eller formannskap, eller er lagde til administrasjonen.

Administrasjonsutvalet er tillagt følgjande plikter og ansvar:

- a.) Gjere framlegg om overordna retningslinjer for den kommunale personalpolitikken (personalpolitisk plan), herunder reglement for rekruttering.
- b.) Vedta retningslinjer for opplæring og etterutdanning av dei tilsette.
- c.) Tilsette ass. rådmann, økonomisjef og etatssjefar.
- d.) Gjere vedtak om lønns plassering og tilsettingsvilkår ved tilsetting i stillingar under punkt c) og om lønns plassering i andre tilsettingssaker, som ikkje gjeld rådmannsstillinga, der evt. lønnskrav går ut over dei rammene rådmannen etter dette reglementet kan ta avgjerd innafor.
- e.) Behandle søknader om ikkje- lovpålagde permisjonar med lengde ut over 2 år for alle tilsette.
- f.) Gje innstilling evt. om avskjed / oppseiing i stillingane under pkt. c). Oppseiings-/avskjedvedtak kan berre fattast av kommunestyret.
- g.) Gjere vedtak om avskil for alle stillingane i Hornindal kommune med unntak for stillingane nemnde under pkt. c og rådmannsstillinga.
- h.) Tilrå total stillingsramme for kommunen.
- i.) Gjere vedtak i prinsipielle personalsaker, tolke avtalar og avgjere tvistar.
- j.) Behandle anker på administrative vedtak i personalsaker, jfr. reglane for det kommunale tilsettingsutvalet
- k.) Behandle klager etter forvaltingslova § 28 på enkeltvedtak i personalsaker. (Jfr. Fvl. §§ 2 og 3).
- l.) Gjere vedtak om stillingsomtalar for ass. rådmann, økonomisjefen og etatssjefane. Gje tilråding om stillingsinstruks for rådmannen.
- m.) Gje fråsegn til kommunestyret i saker som vedkjem organisasjonane og/eller dei tilsette i samband med økonomiplan, årsbudsjettet m.m.
- n.) Administrasjonsutvalet er ansvarleg for å utarbeide og gjere vedtak om følgjande kommunale temaplaner og evt. rullere dei i samsvar med vedtak i kommunestyret:
 - Stillingsplan
 - Kompetanseplan
 - Personalreglement (= tilsettingsreglement, arbeidsreglement og permisjonsreglement m.m.)
- o.) Godkjenne desse protokollane:
 - Riksmeklingsmannen / partane sitt framlegg til protokoll etter dei sentrale tariff- forhandlingane
 - protokollen frå dei årlege lokale lønnsforhandlingane
- p.) Peike ut rådmannen sin stedfortredar i høve samanhengande fråværsperiodar på meir enn 3 månader.

4.4 Vidaredelegering.

Administrasjonsutvalet har fullmakt til å vidaredelegere mynde i samsvar med reglane i gjeldande lover og dette reglementet.

Administrasjonsutvalet har elles mynde til å opprette / legge ned komitear innafor sitt arbeidsfelt. Slike komitear har bere rådgjevande mynde.

Under dette ansvarsområdet får rådmannen delegert avgjerdsmynde i saker som ikkje er prinsipielle. Sjå kapittel 7.

4.5. Anke.

Eit mindretal, ordføraren eller rådmannen eller den / dei som møter i ordføraren eller rådmannen sin stad kan anke eit vedtak i administrasjonsutvalet inn for kommunestyret. Kravet om anke skal

protokollførast og må fremjast før møtet er slutt. Det er høve til å legge fram skriftleg grunngjeving, eller trekke anken attende innan 2 dagar. (sjå pkt. 11.3 og hovudavtalen § 13-1 c)).

DEL 5 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er oppretta som fast utval i medhald av Kommunelova § 77 nr. 1.

5.1 Val og samansetting:

Kontrollutvalet skal ha 3 medlemmer. Kommunestyret vel sjølv medlemmane og peikar ut leiar/nestleiar.

Valet gjeld for heile perioden, men det kan når som helst i kommunestyreperioden, jfr. kommunelova 77 nr. 3, foretakast nyval. Leiaren er også sekretær for utvalet.

Desse kan ikkje veljast til kontrollutvalet, jfr. §77 nr. 2 i Kommunelova:

Ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet og andre kommunale nemnder med avgjerdsmynde. Dessutan tilsette i kommunen.

5.2 Arbeidsområde:

Ansvar og mynde er gjeve i medhald av Kommunelova med forskrift om revisjon og kontrollutval, dagsett 15.06.2004. Dette inneber m.a. at:

- Utvalet skal halde seg orientert om revisjonen si verksemd og føre tilsyn med denne.
- Utvalet skal føre tilsyn med korleis dei kommunale midlane vert nytta og forvalta, og skal sjå til at dette skjer i samsvar med gjeldande reglar og vedtak.
- Utvalet er ansvarleg for å sette i verk gransking m.a. i samband med mistanke om regelbrot og misleghald.
- Utvalet skal gje innstilling til kommunestyret om rekneskap og revisjonsmelding.

DEL 6 ORDFØRAREN

Ordføraren er kommunen sin politiske frontfigur og skal representere kommunen utad. Han skal fungere som bindeledd mellom folkevalde organ og rådmannen / administrasjonen. Ordføraren vert vald mellom medlemmane i formannskapet

Ordføraren har ei godtgjersle som vert fastsett av kommunestyret kvart år.

I samsvar med Kommunelova §9 nr. 3 skal ordføraren vere:

- møteleiar for formannskap og kommunestyre.
- kommunen sin rettslege representant.

I samsvar med §9 gir kommunestyret ordføraren fullmakt til å:

- skrive under på kommunen sine vegne i saker der mynde ikkje er tillagt andre.
- Gå til søksmål på kommunen sine vegne.
- Krevje off. påtale på kommunen sine vegne.

Ordføraren har møte- og talerett i alle politiske utval. Han skal etablere ei politisk leiargruppe for å styrke det politiske nettverket på tvers av fagområda og fremje ei samordna, heilskapeleg politisk styring av kommunen.

Vidare skal ordføraren syte for å sette overordna samfunnspolitiske spørsmål, som vedkjem kommunen, på dagsorden i det politiske systemet.

Ordføreren er ansvarleg for at saker som skal til politisk behandling vert tekne opp, fordelte og behandla i kompetent organ.
Han skal også sjå til at sakene vert behandla etter saksbehandlingsreglane i lover, forskrifter og kommunale reglement, og dessutan medverke til at debatt og ordbruk ligg innafør aksepterte normer.

DEL 7 RÅDMANNEN (= ”administrasjonssjef” i kommunelova)

7.1. Tilsettingstilhøve

I medhald av § 22 nr. 2 vert rådmannen tilsett av kommunestyret. For stillinga gjeld dei rettar og plikter som er fastsette i kommunelova, tariffavtalen og andre gjeldande tilsettings- og personalreglement.

Rådmannen kan ikkje ha anna lønna stilling eller betydeleg biinntekt utan samtykke frå kommunestyret. Han kan heller ikkje vere medlem i styrande organ i verksemdar som kommunen har eit nært samarbeid med, er økonomisk engasjert i, eller på annan måte har nær tilknytning til.

7.2 Rådmannen sitt mynde

Rådmannen er den øvste leiaren for den samla kommunale administrasjonen.
Jfr. Kommunelova § 23 nr. 1.

Med bakgrunn i kommunelova sitt klare skilje mellom politikk og administrasjon ligg det til rådmannen å bygge opp kommuneadministrasjonen, inkludert justeringar av stillingsheimlar, innafør gjeldande lover og rammer og det som elles er vedteke av kommunestyret.

Kommunestyret gjev rådmannen mynde til å gjere vedtak i alle saker som ikkje er lagde til politiske organ, når sakene er vurdert til ikkje å vere av prinsipiell karakter. Jfr. kommunelova §23, nr.4. Sjå elles kapittel 10 i dette reglementet vedr. definisjonar. Vidare kan politiske utval delegere sitt mynde til rådmannen i einskilte saker.

Politiske pålegg og signal til administrasjonen skal kome frå eit kollegialt organ.

Ass. rådmann er rådmannen sin faste stedfortredar i høve feriar, sjukefråvære og andre fråvære. Rådmannen sitt tilvisingsmynde følgjer av dette når rådmannen er fråverande ein heil eller fleire heile dagar. Ved enkelthøve i inntil ei veke, 5 arbeidsdagar, kan rådmannen peike ut andre som sin stedfortredar.

Kommunestyret føreset at rådmannen utarbeider retningsliner for administrativ delegering, herunder delegering av tilvisingsmynde innanfor rammene i lov og politiske vedtak. Vidare må det etablerast tilfredsstillande rapporterings- og kontrollrutinar for slik delegering.

Rådmannen skal sjå til at sakene som vert lagde fram for folkevalde organ er utgreidde på ein forsvarleg måte, jfr. § 17 i forvaltningslova, og at vedtak vert iverksette.
Rådmannen skal delta i møta i kommunestyre og formannskap. Vidare har han møte- og talerett i alle kommunale utval og nemnder, med unntak for kontrollutvalet. Jamfør Kommunelova §23 nr.3.

Følgjande oppgåver vert delegerte fast til rådmannen :

- Avgjerdsmynde i saker som ikkje er av prinsipiell karakter innanfor formannskapet sitt

saksområde.

- Avgjerdsmynde i ikkje-prinsipielle saker som ligg innanfor utvala sine ansvarsområde.
- Tilvisingsmynde – sjå eige vedlegg.
- Fullmakt til å skrive under på kommunen sine vegne. Gjeld ikkje i rettslege (prosessuelle) samanhengar. I slike saker skriv ordføraren under.

Vidare får rådmannen delegert mynde på desse fagområda:

7.2.1. Oppvekst og helse:

Utval for oppvekst og helse sine oppgåver som ikkje er av prinsipiell karakter, vert delegerte til administrasjonssjefen med heimel i følgjande lover/forskrifter/regelverk:

Opplæringslova og barnehagelova .

- a) Dagleg drift med fagleg, økonomisk og personalansvar.
- b) Tilsetting av personell. Jfr. K-sak 011-98 m. "køyrereglar" og K-sak 013/07 "Ny tilsettingsprosedyre"
- c) Gjere vedtak vedkomande tidlegare skulestart for elevar i 1.klasse.
- d) Avvike frå fagsamansettinga for einskilde elevar.
- e) Gje elevar fri utover den perioden forskriftene tilseier at rektor har fullmakt til.
- f) Inntak av barn i kommunal barnehage.
- g) Ansvar for å ivareta funksjonshemma sine rettar i høve § 2, 4. ledd i Barnehagelova
- h) Fordele øyremerka statlege tilskot (10%-tilskot og SFO midlar m.v.)
- i) Tildele spesialundervising etter enkeltvedtak.
- j) Gje forskrift om skule- og fridagar i skuleåret, tilpassa forslaget frå utdanningsdirektøren og fylkeskommunen.
- k) Avgjerder i andre faglege spørsmål som ikkje er lagde til andre instansar etter lov eller forskrift.

Sosialtenestelova (13.des 1991):

Fatte faglege, administrative vedtak etter denne lova, herunder:

- a) Avgjere inntak til korttids- og langtids plass i institusjon og anna tilbod innan pleie og omsorgstenestene. (§4-3, jfr. § 4-2, jfr. Kommunehelsetenestelova §2-1)
- b) Tildele plass i avlastingsheim og anna dagtilbod. (§4-3, jfr. § 4-2)
- c) Tildele praktisk hjelp i heimen.(§4-3, jfr. § 4-2, jfr.Kommunehelsetenestelova §2-1)
- d) Tildele kommunale bustader for eldre, funksjonshemma, sosialt vanskelegstilte (§3-4)
- e) Tildele omsorgslønn. §4-2 e.
 - Hjelp til livsopphald og utgifter til bustad (§5-1), her under også
 - Hjelp til tannbehandling
 - Hjelp til etablering i bustad
 - Hjelp med diverse utgifter i institusjon i inntil 3 mnd.
- f) Yte økonomisk stønad med inntil kr 30.000 pr år pr sak
- g) Avgjere stønadsform. (§ 5-4)
- h) Avgjere utbetalingsmåte (§5-5).
- i) Drive inn lån (§5-7)
- j) Sette fram krav om refusjon av underhaldsbidrag (§5-8)
- k) Sette fram krav om refusjon i ytingar frå folketrygda (§5-9)
- l) Økonomiske ytingar til behandlingssopplegg utafør institusjon (§6-1, 2.ledd)
- m) Garanti for opphald i institusjon inntil 3 månader. (§ 4-2 d)
- n) Økonomiske ytingar til avslutting av institusjonsopphald. (§6-1, 4. ledd)
- s) Godkjenne sosiallån innafor ei lånegrense på kr 15.000.

Kommunehelsetenestelova (19.nov 1982):

- a) Godkjenne verksemd med heimel i §4a-4, 2. ledd.
- b) Gje pålegg om opplysningsplikt (§4a-6)
- c) Avgjerd om gransking (§4a-7)
- d) Gje pålegg om retting av helseskadelege tilhøve (§4a-8)
- e) Tvangsmulkt ved overskriding av frist (§4a-9)
- f) Vedtak i rutinesaker vedkomande bygningshygiene/inneklima i offentlege eller andre bygningar
- g) Vedtak vedkomande sikring av drikkevasskjelder.
- h) Vedtak i rutinesaker vedkomande konsesjonssøknad frå eksisterande næring.
- i) Vedtak i rutinesaker vedkomande campingplassar, kyrkjegardar, bassengbad, boblebad m.v.

Smittevernlova (5.aug. 1994):

Handle på kommunen sine vegne etter §7-1.

Delegasjonen heimla i kommunehelsetenestelova og smittevernlova gjeld så langt det i lov eller forskrift ikkje vert stilt krav om spesiell fagkompetanse, t.d. lege.

Alkohollova (2.juni 1989):

- a) Godkjenne utviding av lokale. Jfr.1-12. (Jfr. elles PBL)
- b) Ta stilling til søknad om utvida skjenketid for kortare tidsrom. Jfr. §4-4 og kommunale reglar.
- c) Tildele ambulerande skjenkeløyve. §4-5.
- d) Fastsette satsar for sals- og skjenkeløyve med basis i sentralt gjevne normer. Sjå §§ 6-1, 6-2 og 6-3 i forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk.

Barnevernslova (17.juli 1992):

Kommunen har ansvar for å utføre dei oppgåvene som etter lova ikkje er lagde til stat eller fylkeskommune. Oppgåvene etter denne lova er lagde til administrasjonen.

Jfr §2-1 – prinsipp om omvendt delegasjon. Sjå likevel pkt. 3.1.2.1 i) i dette reglementet.

Lov om barn og foreldre (8.april 1981):

Rådmannen skal, som ansvarleg for sosialtenestene/barneverntenestene, uttale seg i saker om foreldreansvar m.v. i samsvar med § 61 nr. 6. Denne uttaleretten kan rådmannen vidaredelegere til sosial- og barnevernsjef.

Serveringslova (13.juni 1997):

- a) Tildele serveringsløyve for serveringsstad. §3.
- b) Vere ansvarleg for kontroll/inspeksjon med serveringsstadar i kommunen. §13.
- c) Handsame søknad om utvida opningstid ved særskilde høve. §15.
- d) Gjere vedtak om mellombels suspensjon/attendekalling av serveringsløyve. §§ 18,19.

Lov om Den Norske Stats Husbank (1. mars 1946):

Rådmannen får mynde til å forvalte Husbanken sine bustøtteordningar, jfr. Kap. III.

Rådmannen får fullmakt til å avgjere søknader om utbetringstilskot innan dei rammer og reglar som er gjevne sentralt og evt. lokalt.

7.2.2. Utvikling:

Utval for utvikling sine oppgåver som ikkje er prinsipielle, vert delegerte til rådmannen. Dette gjeld ansvar og arbeidsoppgåver innafor fagområdet, samt økonomi og personal.

Grannelova (16.juni 1961):

Rådmannen får fullmakt til å virke på kommunen sine vegne i saker om nabotilhøve.

Lov om kommunal vass- og kloakkavgifter (31.mai 1974):

Rådmannen får fullmakt til å gjere enkeltvedtak i medhald av denne lova og kommunale forskrifter. Dette gjeld likevel ikkje krav om tilknytning etter §1, 1.ledd. Jfr. kapittel 3.3

Veglova (21.juni 1963):

Rådmannen får mynde til å gjere vedtak i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter etter denne lova. Rådmannen er kommunalt vegmynde etter §9. Jamfør også PBL.

- a) Gje løyve til å plassere byggverk i høve til kommunal veg. §30, 2.ledd
- b) Gje pålegg om å fjerne eller skjere ned tre, hekk o.a. innanfor byggegrense. §31.
- c) Gje løyve til å legge kraft-, vass-, kloakk- eller anna leidning nærare veg enn 3m. Dette gjeld også varerampar, murar o.l. §32, 3.ledd.
- d) Gje løyve til å plassere reklameskilt o.l. langs kommunal veg og pålegg om å fjerne slike. §33.
- e) Gje pålegg om å endre bygg som er i strid med lova. §34.
- f) Gje pålegg om å ta bort eller endre byggverk og innretning som er plassert eller endra i strid med lova. §36.
- g) Gje løyve til å bygge avkøyrsløse frå kommunal veg. §40.
- h) Påby flytting/endring av avkøyrsløse frå kommunal veg, eller avgrensing / nekte bruk av denne. §41.
- i) Gje pålegg om å stenge, endre eller flytte ulovleg avkøyrsløse på den ansvarleg sin kostnad. §42.
- j) Gjere vedtak om bygging / vedlikehald av avkøyrsløse. §43.
- k) Gjere vedtak om flytting / riving av gjerde m.m. §47.
- l) Påbod om fjerning / endring av grind, ferist o.l. §48.
- m) Setje i verk eigedomsinngrep som følgje av vegbrot eller fare for vegbrot. §51.

Vegtrafikklova (18.juni 1965):

Rådmannen får mynde å gje fråsegn i skiltsaker etter vegtrafikklova og forskrift av 01.05.84. Jamfør elles PBL. Vidare får han m.a. fullmakt til å:

- a) Avgjere kva som er tettbygd strøk etter §6, 2.ledd.
- b) Mynde til å gjere vedtak om trafikkregulerande skilt og andre offentlege trafikkskilt. Jfr. Skiltforskriftene av 10.10.80. og Vegtrafikklova §5.
- c) Gjere vedtak om trafikksignal og vegoppmerking. Jfr. Skiltforskriftene §30.
- d) Mynde som vert delegert frå departementet i medhald av §4 om særlege trafikkreglar.
- e) Gjere vedtak om mellombels fastsetting av lågare fartsgrense og mellombels forbod mot trafikk. §§6, 1.ledd, 7, 2.ledd.

Delingslova (23.juni 1978):

- a) Fungere som oppmålingsmynde i samsvar med §1, 2.ledd.
- b) Gje løyve til deling av grunneigedom under ein nærare fastsett storleik i samsvar med plan/bruk.
- c) Gje løyve til arronderingstillegg, makebyte, grensejustering m.v. når saka elles er kurant.

Plan- og bygningslova (14.juni 1985):

Rådmannen skal ha eit særskilt ansvar for kommunen sine planleggingsoppgåver etter denne lova. Jfr. §9-2. Dette omfattar mellom anna ansvar for å iverksette rullering av eksisterande plandokument, følgje opp vedtak i planutvalet, utarbeide framlegg til nye planar og gjere framlegg om kva for planleggingsbehov som bør prioriterast på kort og lang sikt.

Vidare skal rådmannen behandle ikkje-prinsipielle saker i medhald av denne lova, herunder m.a.:

- a) Behandle meldesaker etter §§ 81, 85, 86a og 86b.
- b) Gje byggeløyve etter §93, dersom søknaden stettar krava i §95b om enkle tiltak.
- c) Behandle andre kurante byggesaker etter §93. (t.d. når byggesøknaden gjeld tomt i regulert område, enkle tilbygg/påbygg, riving av ikkje SEFRAK-registrerte bygg m.m.) Utval for utvikling skal likevel treffe vedtak i kontraoversielle rivingssaker. enkle

- d) Gje delingsløyve etter § 93, jfr. § 63, der delinga skjer i samsvar med stadfest regulerings- eller utbyggingsplan.
- e) Godkjenne søknad om lokal ansvarsrett i samsvar med gjeldande reglar. Jfr. §98.m.v.
- f) Gje rammeløyve og igangsettingsløyve i saker som ikkje er i strid med gjeldande reguleringsplan. Jfr. §95a.
- g) Fatte vedtak om stansing av ulovleg arbeid og opphøyr av ulovleg bruk m.m. Jfr. § 113

Forureiningslova (13.mars 1981):

Rådmannen får delegert mynde til å gjere enkeltvedtak i saker av ikkje-prinsippiell karakter og som såleis ikkje er lagd til utval for utvikling. Jfr. §83.

Friluftsløva (28.juni 1957):

Mynde til inngrep etter §35 er lagt til rådmannen.

Lov om motorisert ferdsel i utmark (10. juni 1977):

Rådmannen får mynde til å gje løyve etter Nasjonal forskrift for bruk av motorkøyrety i utmark og på islagte vatn - § 5.

Lov om viltet (29. mai 1981):

Rådmannen får mynde til å gjere vedtak etter følgjande paragrafar:

§ 11 (om felling av vilt til forsvar av person eller bufe og tamrein og melding om dette)

§ 13 (om felling av hjortevilt som gjer skade ...) I tvilstilfeller etter samråd med formannen i viltnemnda.

§ 28 (jaktrett for brukar, leige av jaktrett og melding om dette)

§ 34 (om forfølgingsretten og melding om dette)

§ 48 (om viltfondet og kommunens eigeomsrett)

§ 49 (om autorisasjon av preparater og omsetning av vilt, meldeplikt og skriftlege oppgåver)

Utval for utvikling skal likevel treffe avgjerd med heimel i § 13 i viltlova som gjeld skadefellingsløyve på meir enn 5 dyr på ein søknad, innafor eit vald.

Lov om eigarseksjonar (eigarseksjonslova) (23. mai 1997 nr. 31)

Rådmannen får mynde til å fatte vedtak i kurante saker, jfr. §§ 7 – 13.

7.2.3. Personalsaker:

Alt personalarbeid skal utførast med grunnlag i dei personalpolitiske retningslinene som er nedfelte i ymse kommunale personalreglement (sjå nedanfor), lønnsplan og stillingsplan for kommunen og i Helse-, miljø- og tryggleikssystemet (=HMT – internkontroll).

Rådmannen får gjennom kommunen sitt tilsettingsutval tilsettingsmynde der dette ikkje er lagt til kommunestyre eller administrasjonsutval. Dette gjeld alle saker, med unnatak for tilsetting av ny rådmann, ass. rådmann, økonomisjef og etatssjefar. Fullmakta omfattar også tilsetting av vikarar, konstituering, fastsetting av lønn, samt anna personalansvar innanfor vedtekne rammer.

I samsvar med intensjonane i tidlegare politiske vedtak har rådmannen fullmakt til å behandle alle personalsaker for dei stillingane han har tilsettingsansvaret for, dessutan alle personalsakene, som ikkje er særskilt delegerte til administrasjonsutvalet. Dette gjeld også for desse stillingane: ass. rådmann, økonomisjef og etatssjefar. Denne fullmakta gjeld også for utlysing av stillingar.

Rådmannen har såleis mynde til å behandle saker etter gjeldande reglar i dei nedanfor opplista reglementa, når dette myndet ikkje er lagt til andre instansar etter lov, avtaleverk eller dette reglementet:

- Tilsettingsreglementet
 - Reglement for tilsettingsutvalet
 - arbeidsreglementet
 - pressereglementet
 - permisjonsreglementet
 - retningsliner for telefongodtgjersle
 - kompetanseplanen
 - reglar for tildeling av stipend og støtte til etter- og vidareutdanning
 - retningsliner for tildeling av gåver
 - reglement for flyttegodtgjersle
 - etiske retningsliner
- etc.

Rådmannen har mynde til å sette i verk godkjende sentrale og lokale avtalar.

Rådmannen kan, i samsvar med intensjonen i lov og avtaleverk, arrondere / tilpasse delstillingar til ønskelege stillingsstorleikar innafør den totale stillingsheimelen til den einskilde etaten og i sentraladministrasjonen. Denne mulegheita skal leggst inn i alle tilsettingskontraktar og stillingsomtalar. I høve langvarige vakansar i visse stillingar (t.d. sjukepleiarar), kan rådmannen gjere om stillingsheimlar innafør gjeldande totalheimel, til andre stillingstypar når dette er fagleg forsvarleg og den beste måten for å behalde nødvendig arbeidskraft.

Rådmannen har ansvar for lønnstingingar med dei tilsette i høve kapittel 4 og 5 i hovudtariffavtalen. Rådmannen har mynde til å gjere avtalar om lønn etter slike forhandlingar innanfor rammene i budsjettet.

I lokale lønnsforhandlingar for stillingar, som ikkje sorterer under det kommunale forhandlingsutvalet, er normalt arbeidsgjevarsida samansett slik: Rådmannen (eller den han peikar ut), personalkonsulenten og den aktuelle etatsjefen.

Forhandlingsutvalet, som er ansvarleg for 3.4-forhandlingane (ordførar, varaordførar og rådmann), har tilsvarende fullmakt for stillingane dette kapitlet gjeld (=rådmann, ass rådmann, etatsjef(ar), personalkonsulent og økonomisjef). Lønnstingingar etter gjeldande reglar vert berre ført med tillitsvalde.

Ved nytilsetting har rådmannen mynde til å fastsette lønn for alle stillingar innanfor sitt ansvarsområde, innanfor rammene i hovedtariffavtalen for stillingar i kap. 4. Saker der det ved nytilsetting ligg føre lønnskrav som går ut over minstelønnsrammene for stillingar i kap. 4 med eit tillegg på 15.000 kr. pr. år i 100 % stilling, skal leggst fram for administrasjonsutvalet til avgjerd. For nytilsette i stillingar i kap. 5, dvs. stillingar der det i hovedsak er lokal lønnsdanning, skal adm.utvalet fastsette lønna dersom lønnskravet overstig rammene for det aktuelle utdanningsnivået med meir enn 15.000 kr. pr. år i 100 % stilling.

Rådmannen kan auke mellombels lønns plassering til ein tilsett, som p.g.a. ekstraordinære forhold i høve vakansar i overordna stillingar, vert pålagd nye og krevande arbeidsoppgåver. Ein slik mellombels lønnsauke skal fastsettast i samsvar med reglane i § 13.2 i Hovedtariffavtalen.

Rådmannen har mynde til å seie opp i stillingar han har tilsettingsmynde for,

- avgjere søknader om ikkje-lovheimla permisjonar i inntil 2 år, frå fast stilling,
- innvilge søknader om lovheimla permisjonar for alle kommunalt tilsette,
- utarbeide stillingsomtalar innan sitt kompetanseområde,
- behandle søknader om redusert stilling for ein periode på inntil 2 år. Jfr. arbeidsmiljølova § 10-2 nr. 4
- innvilge permisjonar for å ta etterutdanning/vidareutdanning som rådmannen vurderer som relevant og nyttig for kommunen. Nærare reglar i personalreglementet og kompetanseplanen
- fordele midlar frå evt. felles kurskonto til etatane og sentraladministrasjonen.

Sjå elles personalreglementet.

7.2.4. Andre fullmakter i høve forvaltning av kommunen sine økonomiske interesser.

Rådmannen får fullmakt til å fråfalle kommunal garanti for lån i mindre parsellar, og gjere vedtak om å vike prioritet for pant / lån når det ikkje fører med seg særleg tapsrisiko for kommunen.

Rådmannen skal fordele støtte til politiske parti etter fastsette reglar og administrere sal av utrangert materiell.

Rådmannen får mynde til å forvalte kommunen sin overskotslikviditet etter dei reglane kommunestyret har gjeve i finansreglementet

Rådmannen får mynde til å avgjere søknader om økonomisk støtte frå idèelle lag og organisasjonar innanfor ei kostnadsramme på 5.000 kr. dersom det er budsjettmessig dekning for det. Som hovudregel skal idèelle lag og organisasjonar som har lokal tilknytning tilgodesåast.

I høve krisesituasjonar/ akuttsituasjonar som kan påføre kommunen store tap om det ikkje vert handla raskt, får rådmannen mynde til å sette i verk strakstiltak innafor ei økonomisk ramme på kr. 300.000. Jfr. Lov om forsynings- og beredskapstiltak av 14. des. 1956 og kommunen sin kriseplan.

Rådmannen får fullmakt til å inngå ny avtale om person- og ansvarsforsikringar for inntil 3 år.

7.2.5 Andre fullmakter:

Rådmannen får elles delegert mynde til å behandle saker som ikkje er prinsipielle på vegne av kommunen med heimel i desse lovene:

- Jordlova.
- Skogbrukslova.
- Forpaktingslova.
- Odelslova.
- Konesjonslova
- Husleigelo
- Husbanklova

Tilskotsordningar:

Rådmannen får mynde til å fatte vedtak om:

- Tildeling av SMIL-midlar
- Tildeling av tilskot frå konsesjonsfondet med inntil 5.000 kr. pr. søknad, samla inntil 25.000 kr. pr. år.

- Tildeling av tilskot frå næringsfondet med inntil 5.000 kr. pr. søknad, samla inntil 50.000 kr. pr. år.

Vidare skal rådmannen:

- Peike ut administrasjonen sine representantar til styre, råd og nemnder.
- Førebu saker om ekspropriasjon
- Tildele/selje hustomter
- Tildele kommunale husvære
- Leige ut kommunale næringsbygg

7.2.6. Vidaredelegering.

Rådmannen skal vidaredelegere sitt mynde innafor rammene av lov og reglement. Rådmannen utarbeider sjølv retningsliner for slik delegasjon.

BUDSJETTMYNDE / TILVISING – sjå eige vedlegg.

DEL 8 FORHANDLINGSUTVALET.

8.1. Samansetting

Ordførar, varaordførar og rådmannen utgjer forhandlingsutvalet.

8.2. Arbeidsområde / delegering av mynde

Forhandlingsutvalet har mynde til å føre lønnstingingar på kommunen sine vegne etter kapittel 3.4 i hovudtariffavtalen.

Rådmannen er permittert frå forhandlingsutvalet når utvalet skal behandle lønnskrav frå rådmannen.

Sjå elles kapittel 7.2.3.

DEL 9 BRANNSJEFEN.

Lov om vern mot brann, eksplosjon m.v. av 1. juli 2002:

Etter eigne vedtak har brannsjefen delegert mynde etter denne lova med unnatak av dei oppgåver som etter lova ligg til kommunestyret sjølv, og oppgåver som er delegert til utviklingsutvalet. Jfr. K-sak 065/02 og DUTV-sak 001/03.

DEL 10 ”PRINSIPIELLE SAKER” - DEFINISJON.

For å skilje mellom prinsipielle og ikkje- prinsipielle saker bør ein i utgangspunktet ta stilling til om det krevst meir enn ei fagleg og/eller regelbunden behandling, og om det ligg føre ein innarbeidd praksis for saksområdet. Dersom ein kjem inn på klart politiske eller skjønsmessige vurderingar og prioriteringar, er saka å vurdere som prinsipiell. Ved tvil bør ei sak som hovudregel behandlast som prinsipiell.

I tvilstilfelle, eller dersom det er tvil om korleis ei sak av prinsipiell art skal behandlast i det politiske systemet, har ordførar og rådmann ansvaret for å avklare dette. Når desse er i tvil, kan spørsmålet avgjerast av ordføraren, eller han kan legge saka fram for det kompetente politiske utvalet.

Alle saker som har vore vurdert på denne måten, og der avgjerda er at det skal vere administrativ behandling, skal leggest framfor rette utval som referatsak i første møtet etter at vedtaket er gjort.

Ved eventuelt politisk vedtak om omgjerding av eit administrativt vedtak, gjeld reglane i Forvaltningslova kapittel 6. Sjå særskilt §35.

Dei avklaringane som vert gjort gjennom behandling av slike tvilstilfelle, utviklar sedvane som utfyller reglane i dette reglementet.

Det kan lagast egne reglar for behandling av særskilde sakstypar som går att med jamne mellomrom. (presedensvedtak)

DEL 11.

GENERELLE REGLAR OM UTØVING AV DELEGERT FULLMAKT.

Kommunestyret har i utgangspunktet all kompetanse som ikkje positivt er lagd til andre politiske eller administrative organ. Kommunestyret kan delegere alle typer oppgåver, med unntak for saker som gjennom lov er lagde til "kommunestyret sjølv".

Rettsleg sett inneber ikkje delegering av mynde at ein gjev frå seg det overordna ansvaret innanfor vedkomande saksområde.

11.1. Retningsliner for utøving av fullmakt.

Alle delegerte fullmakter skal utøvast i samsvar med lover, forskrifter og retningsliner gjevne av overordna organ og i samsvar med budsjettet sine rammer og føresetnader, dette reglementet og "køyrereglar", gjevne av rådmannen.

11.2. Attendekalling av mynde - omgjeringsrett.

Kommunestyret kan kva tid som helst trekke attende alle delegasjonsfullmakter, omorganisere eller legge ned underordna utval.

Eit overordna organ kan på eige initiativ, eller etter anke, ta opp og eventuelt omgjere eit underordna organ sitt vedtak. Som hovudprinsipp kan det overordna organet utøve sitt omgjeringsmynde berre når vedtaket i underinstansen er til skade for viktige offentlege interesser og dersom ikkje omgjerdinga påfører kommunen eit erstatningsansvar i høve ein part i saka. Eit omgjeringsvedtak skal, i utgangspunktet, etter forvaltningslova, ikkje vere til ulempe for part i saka. Jamfør FVL §35.

11.3. ANKE.

Vedtak i saker der formannskapet har delegert mynde, kan ankast til kommunestyret, dersom minst to representantar krev det. Dette gjeld likevel ikkje saker etter Kommunelova §13 (hastesaker), valstyresaker, klagenemndsaker, eller saker som er lagde til formannskapet etter særlov.

Saker som er avgjorde av eit utval etter delegert mynde frå kommunestyre / formannskap, kan ankast inn for overordna organ dersom minimum 2 utvalsmedlemar, ordføraren eller rådmannen krev det.

Kravet må setjast fram skriftleg innan ein kort frist, rett etter det møtet der vedtaket vart gjort.

11.4 Klagerett for part.

Part, eller ein annan med rettsleg interesse i ei sak, har klagerett etter forvaltingslova i høve enkeltvedtak, gjort med heimel i lov eller forskrift, dersom saka ikkje er unnateken klagerett etter lov. Saksbehandlingsreglane i forvaltingslova eller evt. særlov gjeld.

Dersom ikkje anna er bestemt i lov eller kommunal forskrift, er formannskapet organ for behandling av klager på enkeltvedtak etter delegasjon.

I personalsaker er administrasjonutvalet klageinstans. Jfr. pkt. 4.3, k).

I skuleverket er departementet v. utdanningsdirektøren klageinstans i alle enkeltvedtakssaker som ikkje gjeld personalforvaltning. For personalsaker i skuleverket gjeld fvl. § 28 og såleis same klageordning som for det øvrige kommunale personalet.

11.5. Rett til å unnlate å gjere bruk av delegert mynde i særskilde tilfelle.

Det forvaltingsorgan, som har fått delegert fullmakt på eit saksområde, kan i særskilde saker overlata til overordna organ å treffe vedtak.

Døme: Rådmannen som gjennom delegasjonsreglementet har fått avgjerdsmynde frå kommunestyret i ein viss sakstype, vurderer ei enkeltsak å vere så prinsipiell at han sender saka til næraste overordna, relevante organ til avgjerd. T.d. sosiale saker til helseog sosialutvalet/omsorgsutvalet og tekniske saker til utviklingsutvalet osv. Er det den minste tvil om gildskap skal ei sak avgjerast av eit overordna organ

11.6. Vidare delegering.

Faste utval kan forvalte sitt mynde fritt, med mindre noko anna er bestemt i lov eller delegasjonsreglement. Dette gjeld m.a. høve til vidaredelegering.

11.7. Melding.

Desse sakene, med vedtak etter delegert mynde, skal leggast fram for kommunestyret, evt. også fram for eit fast utval, som referatsak:

- administrativ sak på grunnlag av k-sak med særskilt vedtak om fullmakt til rådmannen om finansieringa/føreta budsjettjustering
- alle budsjettjusteringssaker
- alle generelle saker om vidaredelegering
- saker som gjeld betydelege omorganiseringar og/eller endring av stillingsheimlar, innanfor gjeldande budsjettrammer
- andre delegerte saker som ein kommunestyremedlem krev vert lagde fram

DEL 12

IVERKSETTING / ENDRING.

Dette reglementet trer i kraft etter vedtak i kommunestyret

Dette reglementet erstatter tidligere delegasjonsreglement.

Endringer i reglementet må gjerast gjennom vedtak i kommunestyret.

Vedlegg til dette reglementet:

Økonomiske fullmakter